

Barnehagebetaling

LEIKANGER: Formannskapet går inn for at satsane skal vera inntektsavhengig, der grensa for 2009 ser sett til 300.000 kroner med utgangspunkt i brutto skattbar inntekt ved skattelikninga hausten 2007. Ein full plass vil på høg sats kosta 2330 kroner og på låg sats 2100 kroner. Det skal gjevast 30 prosent søskenmoderasjon for barn nummer to og 50 prosent for nummer tre eller fleire.

SFO-betaling

LEIKANGER: Foreldrebetalinga for skulefritidsordninga i Leikanger skal etter formannskapet sitt framlegg vera 1914 kroner for ein full plass inkludert feriar. For ein full plass utan feriar er prisen 1650 kroner. Berre onsdagsplass koster 792 kroner, og har du behov for å kjøpa enkeltveker i skulen sin sommarferie, minus fire veker i juli som SFO er stengd, skal det kosta 1093 kroner veka.

Vil ha eige studentkort

LEIKANGER: Sogn og Fjordane opplever ei utfordring i at ungdom som flyttar bort frå fylket for å studere, ofte mister kontakt med heimfylket. Studentane har også eit dårleg tilpassa og for dyrt samferdselstilbod, då dei fell utanfor ungdomskortet. KrFU har tidlegare prøvd å heve alderen på ungdomskortet No ynskjer dei å oppretta eit «studentkort». Studentkortet vil vere tilgjengeleg for ungdom og studentar som har fylt 20, dette vil gje ei meir rettferdig samferdselstilbod for alle som studerer. Det nye studentkortet vil gje studentar moglegheita til å reise heim i helgane og dermed halde oppe kontakten med heimfylket. Samstundes som denne ordninga vil føre til at fleire vel kollektiv transport framfor bil, skriv KrFU i ein resolusjon.

Påkøyrd hjort

BALESTRAND: Politiet fekk melding om at ein hjort vart påkøyrd mellom Dragsvik og Farnes. Det var ingen personskade og mindre materielle skader på bilen. Det var usikkert om hjorten var skadd. Vitnemda vart varsla.

Sogndal fekk heider for mosjonsprosjekt

Ny og sprekare trim for eldre ■■ Diplom i kategorien helse og omsorg



TRENINGSVILJE: Anders Haug er 86 år og køyrrer frå Fimreite for å delta på trim på omsorgssenteret. (foto: Sogndal kommune)

SOGN DAL: Sogndal kommune sitt prosjekt Trivsel og tryggleik i alderdommen har fått skryt og diplom for framifrå kvalitetsarbeid.



GODT FOR ARMUSKLAR: Her er Kitty Hammervoll frå Kaupanger (82) godt i gang med si økt. (foto: Sogndal kommune)

Trimrommet på omsorgssenteret står ope på ettermiddagane til fri bruk for eldre som ynskjer å mosjonera på eiga hand. To ettermiddagar i veka er det også instruktørar til stades.

109 var med

Dette er nokre av aktivitetstil-taka som har gitt Sogndal kommune diplom og hederleg omtale på kvalitetskommune-konferansen nyleg. Totalt var 109 prosjekt med og 9 nominerte til pris, mellom dei Sogndal.

– Me vil bevisstgjera brukar-en om samanhengen mellom deira fysiske aktivitet og helse og gi dei eit helsefremmande tilbod av ypperste kvalitet. Eldre skal leva eit så sjølvstendig og aktivt liv som mogleg når dei bur heime eller på omsorgssenteret. Me har skapt ein fysisk aktivitetsprofil her på huset som me har grunn til å vere stolte av, seier fysioterapaut May Britt Hauge, som har vore drivande kraft i prosjektet som hadde oppstart for halv-tanna år sidan.

80 år er inga hindring

SOGN DAL: – Eg vart invitert til å halda føredrag om prosjektet vårt i Oslo, men visste ikkje at me fekk pris av statsråd Magnhild Meltveit Kleppa, seier May Britt Hauge.



STOLTE VINNARAR: Trivsel og tryggleik i alderdommen har resultert i diplom for «framragende kvalitetsarbeid». Ioterapaut May Britt Hauge, rådmann Jostein Aanestad, prosjektleiar Helga Bakken og hjelpeleiar Anne Elisabeth merksemd og ros.

helse og omsorg er involverte. Med brukarar frå 60 til godt over 90 år seier det seg sjølv at formen er ulik. Trimtilbodet skal leggjast opp etter den enkelte sin evne, frå stoltrim og gruppetrim til meir sjølvstendig trening, gjerne med støttekontakt eller familiemedlem

som kan gi ei hjelpande hand.

Motiverte tilsette

Rådmann Jostein Aanestad fortel at bakgrunnen for deltaking i kvalitetskommune-programmet har vore å få betre kvalitet i tenestene og å få ned sjukefråveret.

Han er glad kommunen har teke tak i dette og hausta ros for prosjektet, førebyggjning og eigenansvar for god helse er prioritert også på nasjonalt nivå. Prosjektleiar Helga Bakken seier at eldrerådet vart involvert i planfasen og både eldrerådet, rådet for funksjons-

Sjukeleiar Veronika Røysum, pleie og omsorgsleiar Jarle Helge Skaar, fys-teigen har inkludert prosjektet i heile tenestefeltet og fekk nasjonal

hemma og tillitsvalde, fagforbundet og sjukeleiarforbundet er med i styringsgruppa for programmet, seier prosjektleiar Helga Bakken.

Pleie og omsorgsleiar Jarle Helge Skaar framhevar at dei tilsette er flinke til å

motivera dei eldre til å bruka treningslokale.

– Dei gjer ein kjempeinnsats for tilretteleggjing, meiner han.

Renate Sæle
renate@sognavis.no

– Det beste er å halda aktiviteten i gang og det kan dei på omsorgssenteret, seier ho.

Samhald og humor

Med instruktørtrening to dagar i veka og ope treningsrom blir også den sosiale biten viktig.

– Her er latter og god stemning i lokalet. Her kan dei

snakka saman og treninga vert ofte vatn og frukt.

– Når julestria er over skal me feira denne gledelege prisen med deltakarane våre, seier fysioterapaut Hauge.

Renate Sæle
renate@sognavis.no



OPNAR: – Me må ikkje verta styrde av at Fylkesmannen kan koma med motsegn til hytteplanane på Ornes, seier Terje Bakke Nævdal (H) og Arne J. Hauge (Frp) t. v.

– Hytter er viktig for å få ny aktivitet

GAUPNE: Odd John Bugge har kome med planar om å byggja seks naust og hytter på Ornes, men Fylkesmannen vil koma med motsegn.

– Me må tenkja kva som er samfunnsmessig nyttig for Luster, sa Terje Bakke Nævdal (H) då Luster kommunestyre drøfta arealplanen og hyttefeltet på Ornes. Høgremannen meinte ein ikkje måtte lata trugsmål om motsegn styra kommunestyret.

Vil styra

– Det er viktig å leggja til rette for grunneigarar som ynskjer å utnytta eigedomen sin, og utvikla bygdene. Hytter skapar aktivitet i bygdene og kommunen, sa Geir Arve Sandvik (H).

– Det skulle vore ope for å byggja meir i strandsona, siste

døme er det som skjer på Ornes. Staten vernar 40 prosent av arealet i kommunen vår. Det me har att av areal, skal me som politikarar få styra meir, sa Arne Hauge (Frp).

– Dersom det kjem motsegn til planen, så vil vedtaket i kommunestyret ikkje verta rettskraftig. Fylkesmannen vil kalla inn til meklingsssak, før saka går til Miljøverndepartementet. Og det er departementet som avgjer utfallet etter meklung, sa plan-sjef Arne Lerum, og gjorde dei folkevalte merksam på at det er eit stort apparat som vert sett i verk.

Tenkja nytt

– Det denne grunneigaren gjer for lustrasamfunnet, er samfunnsmessig viktig for oss. Skal me som kommunestyre leggja til rette for at jordbruksnæring kan driva i framtida, og gje servicetilbod? Det er viktig for aktiviteten på Ornes. Det kan verta ting-ingar, men det er mogleg å

flytta hyttefeltet. Eg greier ikkje sjå at me ikkje skal gå inn for at Bugge får fellet sitt. Om det sinkar planprosessen, så er det berre dette området på Ornes som vert kvitt på planen. Eg oppmoda alle å tenkja ein gong til, sa Terje Bakke Nævdal.

– At det vert tommelen ned i meklung, må me òg ha med oss, sa Anders Bolstad.

– Når det gjeld planane på Ornes med hyttebygging i strandsona, er viktig respekt-er byggeforbodet. Eg tek til etterretning dei nye planane frå grunneigaren, sa Steinar Bruheim (V)

– Eg er glad Ornes-saka kjem på sporet att. Ein må vera temmeleg innbilsk om ein trur at me vinn mot Miljøverndepartementet her. Me må tenkja slik òg. Dei politiske signala er så lysande i dag, sa Ivar Buskaker (Ap).

Sigrid Svartefoss
sigrid.svartefoss@sognavis.no

Må finna flatt areal til næring på Hafslø

GAUPNE: I arealplanen er det sett av nytt næringsareal på Galden, men Anders Bolstad er ikkje nøgd med det.

– Me må finna fram til areal slik at me kan konkurrera med næringsområda på Kaupanger og få ny aktivitet til kommunen vår, sa Anders

Bolstad (Ap) då Luster kommunestyre drøfta arealplanen.

Luster kommune har lagt ut eit større område på oppsida av vegen ved Galden, men området er bygt ut. I den nye arealplanen har kommunepolitikarane vedteke å leggja ut eit nytt og større område like ved det gamle næringsarealet.

– Me må vera klar over at næringsarealet på Galden er

mjke tilpassa det som er der frå før. Me må finna noko stort og flatt areal til næringsaktivitet. Då kan me konkurrera med Kaupanger om å få ny aktivitet. Til den neste rulleringa av arealplanen, må me finna fram til eit stort og flatt område på Hafslø sa Anders Bolstad.